

# Protokoll frå årsmøtet 2025 i Slekt og Data Sunndal

Årsmøtet 2025 vart halde på Sunndal vidaregåande skole på Sunndalsøra torsdag 13. februar 2025 kl. 18.00.

I alt 11 medlemmer var til stades.

## **Sak 1: Val av møteleiar og referent, samt to til å underteikne protokollen**

### Vedtak

Harald Gravem vart valt til møteleiar, og Knut Sæther til referent.  
Ola Jakobsen og Per Gunnar Eidsør vart valde til å underteikne protokollen.

## **Sak 2: Godkjenning av innkalling og sakliste**

Leiaren Harald Gravem orienterte om innkallinga og saklista som var sendt ut før årsmøtet.

### Vedtak

Innkallinga og saklista vart godkjent utan merknader.

## **Sak 3: Årsmelding for 2023**

Leiaren gjekk gjennom årsmeldinga, som var sendt ut saman med innkallinga til årsmøtet.

### Vedtak

Årsmeldinga vart vedteken utan merknader.

## **Sak 4: Innkomne saker**

Det var ikkje nokon innkomne saker.

## **Sak 5: Val av leiar**

Innstillinga frå valkomiteen vart referert:  
Harald Gravem som leiar – blir valt for eitt år.

### Vedtak

Innstillinga vart einstemmig vedteken.

## **Sak 6: Val av tre styremedlemmer**

Innstillinga frå valkomiteen vart referert:

Per Gunnar Eidsør – blir valt for to år.

Knut Sæther – ikkje på val.

Valkomiteen hadde ikkje funne nokon tredje kandidat som var villig til å vera styremedlem.

### Vedtak

Innstillinga frå valkomiteen vart einstemmig vedteken.

## **Sak 7: Val av tre medlemmer til valkomiteen**

Innstillinga frå valkomiteen vart referert:

Rolf Smisetfoss.

Ottar Visnes.

### Vedtak


Innstillinga frå valkomiteen vart einstemmig vedteken.

**Årsmøtet vart heva kl. 18.30.**

Sunndalsøra, 13. februar 2025

Knut Sæther  
referent

  
Ola Jakobsen

  
Per Gunnar Eidsør